



Årsmelding Bø o-lag 2024



Fire av o – lagets fargerike klubbdrakter vist fram på treningsløp på Gåraåsen i mai.

Styret

Styret for Bø o-lag har sett slik ut:

Leiar:	Dag Steinar Ragvin (på val)
Nestleiar og sekretær:	Elisabeth Bratland Solberg (ikkje på val)
Kasserar:	Leif Halvor Sunde (ikkje på val)
Styremedlem:	Ingunn Fjørtoft (på val)
Varamedlemmer:	Dag-Øyvind Olsen Djuvik (på val), Øyvind Støren (ikkje på val)
Valkomitè:	Jon Solberg
Revisor:	Trude Harstad

Det har vore 4 styremøte i 2024 og 20 saker til drøfting.

Medlemstal og økonomi

Medlemstalet i 2024 er 94, som er ein nedgang på 15 frå 2023 og 24 frå 2022. Rekneskapan viser eit overskot i 2024 på kr 217 149,-. Grunnen til det store overskotet er Sørlandsgaloppen med tilhøyrande tilskotsmidlar, sponsormidlar og tippemidlar til Folkestadåsane – kartet. Bø o-lag har ein eigenkapital på kr 464 967 (kr 247 818,- i 2023) og bankinnskot på kr 465 817,- pr. 31.12.2024.

Sørlandsgaloppen

27. – 30. juni arrangerte Bø o-lag Sørlandsgaloppen (SG-2024) fire dager sammen med Skien OK og Porsgrunn OL frå Telemarkshallen med sprint i Bø Sommarland, to mellomdistansar og langdistanse. Alle konkurransene gjekk frå same arena ved Telemarkshallen i Bø. Det blei etablert ein felles arrangørorganisasjon på tvers av klubbane. Totalt var det 137 funksjonærar involvert gjennom arrangementet, over 100 av desse alle dagar.

Det var deltakarar frå 12 nasjonar, totalt 110 utlendingar. Blant anna kom det deltakarar frå Hong Kong, Taiwan og Australia. Totalt var det om lag 5500 startar i løpet av dei fire dagane. Veret var bra og tilbakemeldingane frå deltakarane veldig gode, særleg konseptet med fire løp frå same arena og sprintorientering i Bø Sommarland. Dei tilreisande hadde flotte dagar i Midt-Telemark, og mange kjem nok att seinare. Arrangementet kunne ikkje vore gjennomført så godt utan eit godt samarbeid med partnerar, sponsorar og støttespelarar. Mange har bidrege og vi er svært taknemlege for det. Reknskapet syner eit overskot på i underkant av 700 000,- som blei delt mellom dei tre arrangørklubbane i tre like delar. Det kjem godt med i o – lagets satsing på aktivitetar for barn og unge, utvikling av nye kartprosjekt, mosjonstilbod med meir.





Kartarbeid 2024

Folkestadåsane inkludert Eikjamogen blei avslutta og ferdigteikna før påske i 2024. Arbeidet med synfaringa starta i 2023. Spelemidlar for dette kartet (52 000 kr) blei utbetalt i 2024. Nytt sprintkart over Bø Sommarland er også ein del av kartbasen Folkestadåsane som blei ferdig til Sørlandsgaloppen 2024.

Kartarbeidet for nytt sprintkart over Bø sentrum og områda rundt som starta opp hausten 2023 er ferdig synfart og er planlagt fullført og avslutta før påske 2025.

Gvarv skole har oppgradert skole-/sentrumskartet over Gvarv med støtte fra Sparebankstiftelsen DNB på kr 10000,-.

Rekruttering

Tre Råtassen – barneorienteringar blei gjennomført dei tre første onsdagane etter påske før treningsløpa starta opp. To ved Bø skule og det siste ved Folkestad skule. Styret stod for pølsegrilling som eit sosialt initiativ. 30 barn deltok i gjennomsnitt desse kveldane.

Det blei ikkje arrangert skuleorientering. O – laget låner ut tidtakarutstyr og posteiningar til Bø og Gvarv skular. Vi har donert postflagg til skulane.

I N-løypa starta 41 om våren (51 i 2023, 99 i 22, 149 i 21) og 21 om hausten (43 i 2023, 28 i 22, 60 i 21).
I C-løypa starta 31 om våren (39 i 2023, 25 i 22, 40 i 21) og 37 om hausten (30 i 2023, 23 i 22, 29 i 21).

SPORTSLEG AKTIVITET

Treningsløp

17 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var fire haustsprintløp og eit nattløp. Desse arrangementa hadde totalt 502 startar, 31 i gjennomsnitt pr. gong. Deltakinga har variert frå 10 til 40.

Siste åra:

- 2013: 720 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp
- 2014: 860 startar i 21 løp, i snitt 41 pr. løp
- 2015: 725 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp
- 2016: 755 startar i 20 løp, i snitt 38 pr. løp
- 2017: 926 startar i 19 løp, i snitt 46 pr. løp
- 2018: 802 startar i 21 løp, i snitt 38 pr. løp
- 2019: 575 startar i 18 løp, i snitt 32 pr. løp
- 2020: 931 startar i 21 løp, i snitt 44 pr. løp
- 2021: 804 startar i 19 løp, i snitt 42 pr. løp
- 2022: 519 startar i 18 løp, i snitt 29 pr. løp
- 2023: 443 startar i 16 løp, i snitt 28 pr. løp
- 2024: 520 startar i 17 løp, i snitt 31 pr. løp

125 personar (3 fleire enn året før, 3 færre enn i 2022 og 32 færre enn i 2021) deltok ein eller fleire gonger. Tusen takk til alle som har hjulpet til og alle som har deltatt!

Treningar

Ingen treningar vart organisert.

Klubbmeisterskap

Blei ikkje avholdt. Det er fleire år sidan siste klubbmeisterskap nå.

Deltaking frå o – laget i større løp

Sørlandsgaloppen Bø	32
Drangedal	13
Telemark 2-dagars Notodden	11
KM Larvik	11
Pinseløp Kongsberg	10
KM stafett Larvik	9
Vårløp Larvik	8
Vårløp Hedrum	7

Medaljer i KM

Mellomdistanse i Hedrum

H15-16: Gaute Bratland Solberg Bronse

Langdistanse Larvik

H15-16: Gaute Bratland Solberg Sølv
H21: Oleh Rozhko Sølv

Stafett Larvik

H17: Bø o – lag (Gaute Bratland Solberg, Jon Solberg, Oleh Rozhko) Bronse

Gledeleg var det også at o – laget stilte damelag i klasse D17 i KM for fyrste gong på 24 år.



Resultat frå nasjonale meisterskap og liknande

Hovedløpet langdistanse Fredrikstad

12. Gaute Bratland Solberg H16

Hovedløpet sprint Fredrikstad

17. Gaute Bratland Solberg H16

Hovedløpet kretsstafett Fredrikstad

Gaute deltok på Vestfold og Telemark orienteringskrets sitt lag nr. 1 som vart nr. 2.

O – idol Kongsberg

16. Gaute Bratland Solberg H16

Veteranmeisterskapet Sarpsborg

- 4. Steinar Lande H50 sprint
- 6. Steinar Lande H50 langdistanse
- 9. Steinar Lande H50 mellomdistanse

World Masters Orienteering Championships Finland

- 2. Inger Lise Solberg W80B sprint
- 7. Synnøve Dalva W80B sprint
- 1. Synnøve Dalva W80B mellomdistanse
- 8. Inger Lise Solberg W80B mellomdistanse
- 37. Olav Solberg M80B mellomdistanse
- 35. Margit Ryen Steen W75B mellomdistanse
- 20. Bjørn Steen M75C mellomdistanse
- 24. Synnøve Dalva W80A langdistanse
- 8. Margit Ryen Steen W75B langdistanse
- 8. Bjørn Steen M75C langdistanse

Klubbturar/leirar

Gaute Bratland Solberg deltok på o – landsleiren for ungdom i Fredrikstad i samband med Hovedløpet. Gaute har også deltatt på andre leirar i samband med 13-16-års satsinga til orienteringskretsen MOTTV, blant anna «Kampen om Skagerak» som vart arrangert i Danmark. Elisabeth og Jon har vekselvis vore med som leiarar.

Danmarkstur blei avholdt til Nord - Jysk 2-dages i mars.

Sosialt

Sesongstart

Sesongen starta med barneorientering for ungar på Bø Skule der o – laget klargjorde grill og spanderte grillpølser med tilbehør til alle deltakarar på skuleplassen.



*Barneorientering Folkestad skule i april.
Førebuing Sørlandsgaloppen*

Felles samling for arrangørar frå dei tre klubbane blei arrangerte med befaring på arenaen og pizzakveld på Pizzafjoset. O – laget hadde også ein eigen klubbkveld i Telemarkshallen der det blei gitt informasjon, delt ut t-skjortar, servering med meir.

Porsgrunn City Race

Ingen klubbtur dit i år.

Vårsesongavslutning

Vårsesongen blei avslutta med pølseespising ved skiskyttarbanen på Nordbøåsen i samband med siste treningsløp før sommaren.

Sesongavslutning

Avslutninga for 2024-sesongen blei utandørs med refleks- og rebusløype i Breisås i Håsårudhotten frå hagen til familien Bratland Solberg. Kvelden inneheldt nattorientering, rebusløp, grilling, premieutdeling for kvelden og pokalutdeling for sesongen. Godt oppmøte.

Stolpejakten

Blei ikkje arrangert i år.

Styret takkar medlemmane og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2024.

For styret, leiar

Dag Steinar Ragvin